



DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd

Sak 04/18

Plan for diakoni i Fjærland kyrkjelyd

Diakoni kan forståast som kyrkja si omsorgsteneste, og visjonen for det diakonale arbeidet er at evangeliet kjem til uttrykk gjennom handling til beste for vår neste.

Kyrkja skal vere ein formidlar av ord og sakrament, omsorg og teneste i møte med menneske. Slik kan vi seie at kyrkja er ei diakonal kyrkje.

Diakoni er i planen delt inn i desse punkta: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern om skaparverket. Dette gjer tydeleg at diakoni kjem til uttrykk på fleire område der vi viser kvarandre omsorg, trøystar, hjelper, motiverer og gir håp. Verdiar som respekt, likeverd og sjølvstende er normgivande for våre haldningar, noko som igjen kjem frem i handlingar og dei val vi gjer.

Dei fire områda som er nemnde, er delvis overlappande. Nestekjærleik og inkluderande fellesskap er difor sett i samanheng som eitt kapittel.

Fjærland kyrkjelyd tel om lag 260 personar. Det inneber at vi ikkje har så mange å spele på, samtidig som det er rimelig greitt å halde oversyn over kostnader, oppgåver og samarbeid med frivillige. Planen har difor fått ei enkel utforming, og viser kva vi i dag ser er mogleg å gjere for å vere ei diakonal kyrkje i praksis.

Evaluering av dei ulike tiltaka skjer stort sett fortløpande, ved at ein merker seg ting som burde vore gjort annleis, blei for kostbare, ikkje fungerte, - eller gjekk heilt greitt.

Ein eigen gudstenesteplan syner datoar, medhjelparar, offer, nattverd, kyrkjekaffi og anna som vedkjem gudstenesta.

Eigne tiltak for born er berre nemnde heilt kort i slutten av diakoniplanen. Desse tiltaka er óg diakonale, men er samla i eigen trusopplæringsplan, felles med dei andre sokna i prostiet.

NESTEKJÆRLEIK OG INKLUDERANDE FELLESSKAP

| TILTAK | MÅL med tiltaket | ANSVAR/SAMARBEID |
|--|--|-------------------------------------|
| Mål om gudstenester kvar tredje veke | Få tilbake gudsteneste kvar 3. søndag slik det var tidlegare. Møte dei åndelege behova i kyrkjelyden | Kyrkjekontor |
| Andakt på Busenteret ein gong/mnd. med felles måltid. Nattverd etter ønskje. Naboskyss | Tilby samling om Guds ord utanom gudstenestene, kombinert med sosialt samvær/måltid. | Sokneprest, frivillige medhjelparar |
| Markere Diakonien dag i eigen gudsteneste | Minne om det diakonale ansvaret i kyrkjelyden | Sokneprest, diakon |
| Konfirmantpresentasjon | Konfirmantane skal kjenne seg velkomne. Kyrkjelyden blir kjent med kven konfirmantane er . | Soknerådet, konfirmantprest |
| 50 og 51 års konfirmanttreff i oddetalsår | Gje høve til kontakt og fellesskap, og for nokre, kontakt med heimbygda | Soknerådet, kyrkjekontor |
| La konfirmantane medverke i gudstenesta ut frå eigne føresetnader med tekstlesing, bønner eller praktiske oppgåver | La dei få kjenne at dei er viktige medspelarar i gudstenesta | Konfirmantprest |

| | | |
|---|--|--|
| Nytte medliturg i kvar gudsteneste i lag med konfirmantar | Trekke kyrkjelyden meir aktivt med i gudstenesta | Prest, sokneråd |
| Feire nattverd i midtgangen eller at presten kjem ned i benken til dei som ikkje kan gå opp kortrappa | Alle som ønskjer det, skal få ta del i nattverden | Prest og sokneråd |
| Minnemarkering 1. påskedag over døde siste året. Personleg innbyding til dei aktuelle pårørande | Halde opp ein fin tradisjon. Vise respekt for dei som er gått bort. For pårørande å få være sørgjande | Prest, kyrkjekontor, diakon |
| Tilbod om deltaking i sorggruppe | Hjelpe menneske til å leve med sorga, gi livshjelp og hjelp til tru | Diakon, (gjeld alle sokn) |
| Tilbod om samtale i samband med dødsfall | Gje omsorg og støtte i ei vanskeleg tid | Diakon, (gjeld alle sokn) |
| Enkel kyrkjekaffi etter gudstenesta | Gje rom for fellesskap og tilhørigheit . Byggje sosiale nettverk | Sokneråd, frivillige |
| Ungdomar frå ein annan kyrkjelyd deltek i gudstenesta, (skjer annakvart år) | Inkludere tilreisande som ønskjer å delta i gudstenesta. Fellesskap med andre, vise gjestfriheit | Sokneråd, prest og ungdomsleiar frå ein annan kyrkjelyd |
| Halde teleslyngeanlegget i orden, og halde tilkomst til kyrkja open | Leggje til rette for at alle kan delta i gudstenesta eller andre arrangement, og høyre det som blir sagt | Kyrkjetenar, sokneråd |
| Opa kyrkje 1. mai - 30.sept. | Gje besøkande høve til ei stille stund, eller berre sjå kyrkja. Vise gjestfriheit | Personale i Bokbyen syter for opning og låsing |
| Besøk til personar som sit mykje åleine | Avhjelpe einsemd. Ordna slik at det ikkje verkar påtrengjande. | Sokneråd, diakon, frivillige |
| Kafé m. bingo og anna underhaldning på Stova 1 g pr månad Naboskyss | Gje tilbod om enkelt samvær for å motverke einsemd. | Diakoniutvalet, frivillige |
| Haufest for eldre over 70 år med ledsagar. Underhaldning og servering | Vise at vi set pris på dei eldre i kyrkjelyden. Motverke einsemd | Sokneråd. Annakvart år servering v. Kvinne-og familieforbundet |

| | | |
|---|---|--|
| Skysstilbod | | |
| Misjonsarbeid, faste offer Økonomisk støtte til Barnemisjonen | Halde opp misjonssaka og ansvaret for å hjelpe andre | Normisjonsforeininga. Sokneråd for tildeling av offer Barnemisjonen |
| Julekonsert Naboskyss | Samle bygda i ei travel tid. Gle oss over dei lokale kreftene, og gleda ved å skapa | Eigen komite, organist, sokneråd |
| Andre konsertar | Samle bygda til kulturarrangement som høver i kyrkja. Gje rom for lokale og/eller utanbygds krefter for å dele sine talent med andre. Ha breidde i tilboda | Sokneråd, kyrkjekontor, organist, Bokbyen |

VERN OM SKAPARVERKET

| TILTAK | MÅL | ANSVAR/SAMARBEID |
|---|--|---|
| Blomstergudsteneste kvar vår | Vise takksemnd for det skapte, og at det igjen spirer og gror rundt oss | Kyrkjelydspedagog, frivillige |
| Rundballegudsteneste (kvart 4. år) | | Prest, sokneråd |
| Ute, om mogleg | Vise takksemnd for grøda | |
| Dugnad på kyrkjegard og inne i kyrkja Felles måltid etter dugnaden | Samle bygda om å ta vare på kyrkja og kyrkjegarden. Halda det fint og innbydande rundt oss. Sosialt samvær | Sokneråd, frivillige |
| Unngå unødig bruk av plast og papir | Gjere vårt for å spara miljøet | Kyrkjetenar, sokneråd |
| Hausttakkefest (Nytt tiltak) | Vise takksemnd for gåvene jorda gjev oss. | Sokneråd og prest. Frivillige, også barn |

KAMPEN FOR RETTFERD

| TILTAK | MÅLSETTING | ANSVAR/SAMARBEID |
|---|--|------------------------|
| Fasteaksjonen | Bevisstgjerung om ansvar for å hjelpe andre. Vise solidaritet | Konfirmantar, sokneråd |
| Leggje ut relevant kampanjemateriell i våpenhuset | Bevisstgjerung om ansvar for å hjelpe andre. Informere om aktuelle saker, skape engasjement | Sokneråd, kyrkjekontor |
| Tildeling av takkoffer til | Dele med andre som treng vår | Sokneråd |

| | | |
|--|--|--------------------------------------|
| organisasjonar som arbeider for rettferd | støtte. Vise solidaritet | |
| Ta aktuelle hendingar med i forbøna | Vise at vi bryr oss, og at bøn hjelper og bevisstgjær | Prest |
| ANDRE TILTAK / YNSKJE | Strukturere besøkstenesta betre. Talfeste besøk som finn stad | Diakon, sokneråd, frivillige |
| | Auke oppslutnaden om kyrkjelege arrangement | Kyrkjekontoret, sokneråd, frivillige |
| TILTAK I TRUS-OPPLÆRINGSPLANEN: | | |
| Søndagsskuleblad til born i skulen, 3. og 4. klasse | | |
| Utdeling av Bibel til 11 - åringar | | |
| Tilbod om leir til 11-åringane | | Felles for alle sokna |
| "Pangstart" på Lyngmo | | Felles for alle sokna |
| Tårnagentane | | Felles for alle sokna |
| Utdeling av bøker til born på 2, 4 og 6 år | | |
| Barn frå Barnemisjonen hjelper til på Bedehusbasaren | | |
| Støtte Barnekoret og ha dei med i gudstenester og andre samvær | | |
| Juleavslutning med skulen | | |
| Deltaking i Blomstergudstenesta | | |

Vedteke av soknerådet 30.05. 2018

Kopi:
Kyrkjeverja
Diakon
Kyrkjelydspedagog
Björgvin bispedømme

